



Cher Sten og Robyn Glaza med Hardangerfjorden bak. Også den er amazing!

AMAZING er det ordet lærarstudentane Cher frå Utah og Robyn frå Chicago brukar mest når vi ber dei om å gi karakterar til elevane ved skulen i Uskedalen og Noreg generelt. No har dei vore ved skulen sidan 27. februar og blir her til slutten av april og alt tyder på at det har vore eit vellukka opphald så langt - for alle partar. Aller mest imponerte er nok dei 2 over at elevane er så flinke i engelsk langt ned i klassane, men dei rosar dei også for framferd og disiplin, I USA er det mykje meir uro.

Cher Sten er 22 år og bur i Salt Lake City utan at familien er mormonarar. Moren er lærar og Cher har alltid hatt eit sterkt ynskje om å få komma til Noreg fordi oldefaren kom frå Telemark. Han busette seg fyrst i North Dakota som så mange andre frå vårt land, men familien har også vore innoom California før faren til Cher kom til Utah.

Cher underviser klassane frå 5 til 7 i Uskedalen og det skal ho og gjera når ho kjem attende til Utah.
- Hvis eg da får ein jobb, legg ho til med uvisse i røysta. Konkurransen om jobbane er hard i det amerikanske skuleverket.
Ho trøystar seg med at ho har ein reserve i bakhand, for ho har også lært å jobba med stell av neglar!

Robyn som er 21 har ingen norsk bakgrunn og det var reint tilfeldig at ho kom til Noreg på praksisopphald. Ho skal ha ansvar for klassar frå 1 til 4 når ho kjem heim til tremillionarbyen midt i det store landet. Både Cher og Robyn set no punktum for 4 års utdanning.

Men kva tyder egentleg AMAZING? Jo. det beskriv noko som er så vidunderleg at det er vanskelig å finna beskrivande ord. Det får hjarta til å dunke og det toppar allting, les vi i leksika. Så veit vi altså det. Men alle ord kan jo misbrukast....

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen